



*Ulla Skulehus*  
*Skjipa 11. april 2009*

*Haramsøy*  
*Bygd i 1886*

---

Molde, 6. mars 2018

Til medlemmene i Ulla Skulehus

## **BETALING AV ÅRSKONTINGENT FOR 2018**

Det er tid for innbetaling av årskontingent for 2018.

Kontingent for voksne: kr 500

Kontingent for barn/ungdom under 25 år: kr 100

Bankkonto: 3910 37 31368

VIPPS: Ulla Skulehus

Merk betalinga med namn.

Ulla Skulehus v/Knut Hallvard Ulla  
Bjønnan 64  
6410 Molde.

Vi har i dag 77 medlemmer i laget. Sjå vedlagte medlemsliste. Vi håper at alle vil halde fram som medlem. Som mange kjenner til, er vi ferdige med innlegging av vatn og avløp, wc er på plass og likeså kjøkken med varmtvasstank og oppvaskmaskin. Det siste som er gjort, er innlagt straum som vart fullført i 2017. I tillegg er det montert varmepumpe. Vi har også fått tak i bord og stolar til selskap/møte for 25-30 personar.

Med så få fastbuande på Ulla har vi eit imponerende medlemstal. Det er svært viktig å oppretthalde den gode oppslutninga om skulehuset for å kunne ta vare på og bruke huset til beste for alle. Vi håper derfor at du framleis vil støtte skulehuset som medlem og ta del i kulturelle arrangement og som brukar av huset. Det er fint om du også kan bidra til å verve nye medlemmer.

**Vi håper at du kan betale kontingenten innan 31. mars 2018.**

## **INNKALLING TIL ÅRSMØTE LAURDAG 26. MAI 2018 KL 1300**

**Sjå neste side.**



*Ulla Skulehus*

*Skjipa 11. april 2009*

*Haramsøy*

*Bygd i 1886*

---

## **INNKALLING TIL ÅRSMØTE 2018**

Styret kallar samtidig inn til årsmøte for Ulla Skulehus.

**Laurdag 26. mai 2018 kl 1300**

Møtestad: Ulla Skulehus

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar, referent og underskriving av protokoll
3. Godkjenning av årsmelding 2017/2018 (blir lagt ut på ullanett.com og facebook)
4. Godkjenning av rekneskap og revisjonsmelding 2017/2018 (blir lagt ut på ullanett.com)
5. Planar og årskontingent
6. Utleige
7. Val av styremedlem (Randi er på val)
8. Val av valkomite (Guttorm og Astrid er på val)
9. Innkomne saker

Dersom du har framlegg til andre saker, må dei meldast til styreleiar før årsmøtet.

Med helsing

Knut Hallvard Ulla  
Styreleiar og kasserar